

Velkommen til 24 hours festival i Gullbring 4.-5. mars 2017

Her kjem litt praktiske opplysningar til deg og foreldra dine.

Tidspunkt: Festivalen startar kl. 12.00 laurdag, og varer til kl. 12.00 på søndag. Vi åpnar for registrering frå kl. 11.00 på laurdag. Søndag kl. 11.00 er det avslutnings-stage, der bl.a. barna skal opptre. Det er veldig hyggeleg om foreldre og andre har anledning til å komme og bli med på det. Vi sett fram kaffe frå kl. 10.30.

Ta med: Innesko, vannflaske, liggeunderlag, sovepose, pute og tannbørste. Badetøy og handkle viss du skal bade, og evt. litt pengar til Gullbringkiosken. **Hugs å merke alle ting med navn.**

Gjengløynte ting havnar på hittegodslageret i Gullbring etter at festivalen er slutt.

Du får bollar, pølser, brødmatt, is og drikke i løpet av døgnet. Frukt og vatn står framme under heile festivalen. Det er lurt å ikkje være altfor sulten når du kjem. **Hugs å si frå om allergi og matintoleranse på førehand**, viss du ikkje gjorde det når du meldte deg på. Det kan du gjere ved å svare på denne eposten.

Alle barna skal sove i idrettshallen eller i andre rom i Gullbring, og det blir mange vaksne der også. Nokre av dei vaksne er vakne heile natta og passar på. Har du lyst til å legge deg i fred og ro etter kveldsmaten, utan nattkino, blir det mulighet for det. Gi gjerne beskjed på forhånd.

Vi ønskjer at du **legg mobilen/ nettbrett igjen heime**. Den skal uansett ikkje brukast under arrangementet, og det er fort gjort at den blir øydelagt eller borte under aktivitetane. Festivalen tar ikkje ansvar for mista og øydelagte eigedeler. Vi har ein eigen festivaltelefon som barna kan bruke viss dei treng å snakke med foreldra. Den kan også foreldra ringe. (ring, ikkje send sms) **Festivaltelefonen har nr: 404 31 820.**

Vi ønskjer heller ikkje at du har med nokon form for energidrikk på festivalen. Du treng å sove til natta, og i fjor var det fleire som ikkje fekk roa seg, og måtte bli henta midt på natta.

VIKTIG: Dersom det skulle skje at du vil heim før festivalen er slutt, og foreldra dine skal hente deg, så må du si frå til festivalkontoret for at vi skal kunne ha full oversikt. Viss du skulle bli sjuk eller av andre grunnar ikkje kjem likevel, vil vi gjerne ha beskjed så fort det blir forandringar.

Har du ikkje betalt ennå, er det fint om du gjer det snarast til konto 2630.07.13466, kr 450, 400 for søsken nr. 2 og 3. Merk innbetalinga med **24festival og fullt namn på deltakar(ane)**

Da er det bare å glede seg til 4. mars! Vi er mange i arrangørgruppa som også gleder oss til å sjå deg på 24 hours festival. ☺ Det er fortsatt ledige plassar igjen, så har du ein venn som vil bli med, er det ennå mulig.

Programmet blir slik:

11.00-12.00	Registrering	20.30-21.30	Stage 3 Urettferdig inkl. kveldsmat og istårn
12.00-12.30	Stage 1 Åpningsshow		
12.30-16.00	Aktiviteter	22.30-23.00	Stage 4 Kveldstankar
13.00	Bollar og frukt. Frukt og vatn står framme under heile festivalen	23.00-23.30	Rigge til legging
		23.30-01.00	Nattkino
13.00-16.00	Kiosken åpen	01.00-08.00	Ro, sov godt
16.00-16.30	Stage 2 Teambygging	08.00- 08.30	Vekking, pakking
16.30-17.00	24 Battle	09.00-09.30	Stage 5 Morgosamling inkl. frokost
17.00-18.00	Pølser og brød	09.30-11.00	Aktiviteter
17.30-20.30	Aktiviteter inkl. bading	11.00-12.00	Stage 6 Avslutningsshow
17.30-20.30	Kiosken åpen		Åpent for alle, barna deltar
21.30-22.30	Aktiviteter		Velkommen

Helsing 24 hours festival i Gullbring

Kontaktpersonar: **Lunde:** Anette Johansson (95164979 anette.h.j@gmail.com) **Ulefoss:** Liv Mari Bøstein (45278256 liv.mari@nome.kirken.no) **Seljord:** Petter Jakobsen (90951409 petter@seljordkyrkje.no) **Sauherad:** Elisabeth Sandvand Aase (90505736 elisabeth@sauherad.kyrkja.no) **Bø:** Signe Vreim Østtveit (97182146 signe@bokyrkje.no)